



Klassisk påske i Skudeneshavn 31.03 – 02.04

Palmehelga går musikkfestivalen «Klassisk påske i Skudeneshavn» av stabelen for andre gong. Musikarane er i hovudsak dei som bergtok oss i fjor: Atle Sponberg (fiolin), Ingerine Dahl (fiolin), Eivind Ringstad (bratsj), Audun Sandvik (cello) og Igor Eliseev (kontrabass). Saman med dei dyktige musikarane i Munor, samt Hans Petter Tangen (piano) og Kjell Magnus Sandve (tenor) får me då eit stjernelag av klassiske musikarar som vil halda 6 konsertar, samt pubkveld og gudsteneste.

Festivalen er eit samarbeid mellom Falnes kyrkjelyd, Det klassiske hjørnet, Musikksekskapet Norwegen (Munor) og Dextras strykarmøte på Haugalandet. Strykarmøte på Haugalandet er ei samling for unge strykartalent på Haugalandet same helg.

Konsertane blir i Falnes kyrkje, på Blondefabrikken og på Det klassiske hjørnet. Fjorårets festival synte at formatet fungerer framifrå; Fantastisk musikk, fantastiske musikarar, fantastiske konsertlokal! Billettar kr 250,- på ebillett.no

Fredag 31.03

kl 19:00: Opningskonsert i Falnes kyrkje.

Kl 21:00: Fiskesuppe på Blondefabrikken

Kl 22:00: Pubkveld på blondefabrikken

Laurdag 01.04

kl 13:00: Talentkonsert for vaksne og barn på Blondefabrikken.

kl 15:00: Intimkonsertkonsert på Det klassiske hjørnet.

kl 18:00: Konsert i Falnes kyrkje.

kl 21:30: Pubkveld på Små bistro & pianobar.

Sundag 10.04

kl 11:00: Musikk gudsteneste i Falnes kyrkje.

kl 17:00: Avslutningskonsert på Blondefabrikken

